

2019

KVARTALSRAPPORT 30.9.2019

#fjellbanken



Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen er ved utgangen av september 2019 på 6.219,2 MNOK mot 5.893,3 MNOK på same tid i fjor. Dette er ein auke på 5,53%. Banken har pr. 30.9.19 eit volum på 1.552,8 MNOK i SpareBank 1 Boligkreditt AS. Når ein reknar med dette, er forvaltningskapitalen på 7.772,0 MNOK. Dette er ein auke på 437,2 MNOK sidan 30.9.18. Dette tilsvarar 5,96 %. Sidan nyttår er denne auken på 387,2 MNOK eller 5,24 %.

Innskot

Innskot frå kundar har dei siste 12 månadane auka med 176,7 MNOK som tilsvarar 4,1 %. Sidan nyttår har vi hatt ein auke i innskot på 3,7 %. Innskot frå kundar er nå 4.519,1 MNOK.

Utlån

Utlåna har sidan september 2018 hatt ein auke på 327,3 MNOK til 5.345,0 MNOK. Dette gjev ein vekst i utlåna på 6,52 %. Vekst inklusiv boligkreditt er på 6,79 %. Sidan nyttår har utlån inklusiv boligkreditt auka med 4,57%.

Driftsresultat

Resultat av ordinær drift før tap og skatt er ved utgangen av september 2019 på 134,9 MNOK. På same tid i fjor var det 75,1 MNOK.

Etter skatt og tap har vi eit resultat på 119,1 MNOK, tilsvarande tal ved utgangen av september 2018 var 65,5 MNOK.

Netto rente- og provisjonsinntekter utgjer 92,0 MNOK. På årsbasis blir dette 2,02% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For tilsvarande periode i fjor utgjorde netto rente- og provisjonsinntekter 77,5 MNOK og 1,80%. Den største endringa her kjem frå auka renteinntekter på utlån.

Utbytte utgjorde pr. 3. kvartal 53,8 MNOK, medan det på same tid i fjor var 26,5 MNOK. Den store skilnaden her kjem frå ekstraordinært utbytte frå Samarbeidende Sparebanker AS som eit resultat av fusjonen i forsikring, som er nærare omtala seinare.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester har gått opp med 0,9 MNOK til totalt 29,2 MNOK. Provisjonar frå SpareBank 1 Boligkreditt har gått

ned med 1,4 MNOK, medan vi har auke i provisjonar frå betalingsmidling.

Pr. 3. kvartal 2019 hadde vi netto verdiendringar på verdipapira på 28,7 MNOK. Det meste av dette er eit resultat av salet av aksjane i BN Bank ASA. Vi viser til nærare omtale seinare.

Lønn og generelle administrasjonskostnader har auka frå 47,4 MNOK i 3. kvartal 2018 til 53,6 MNOK i 3. kvartal 2019. Andre driftskostnader er på 10,9 MNOK, som er ein auke på 0,9 mnok sidan i fjor.

Sum driftskostnader utgjer 1,47% rekna av gjennomsnittleg forvaltningskapital, som er ein auke frå 1,39 % den 30.9.18. Driftskostnader i prosent av driftsinntekter (ekskl. verdiendringar på verdipapir) er på 38,61 %. Dette er ein reduksjon frå 45,74 % på same tid i fjor.

Ved utgangen av september har banken bokført tap på 1,4 MNOK. Nedskrivning på individuelle og grupper av utlån er ved utgangen av mars 29,6 MNOK, og nedskrivning på garantiar er på 0,4 MNOK.

Soliditet og kapitaldekning


Banken har ein god soliditet med ei kapitaldekning på 22,50%. Rein kjernekapital er på 21,22%. Etter høvesvis konsolidering med selskap i samarbeidande grupper, har vi kapitaldekning på 21,30%, kjernekapitaldekning på 19,94% og rein kjernekapitaldekning på 19,70%. Vi viser elles til kapitaldekningsnota.

Opparbeidd overskot pr. 30.6.19 er med i kapitaldekningsutrekninga

Eigenkapitalen medrekna overskotet hittil i år er på 950,8 MNOK

Likviditet og finansiering

Vi har ein stabil og god likviditet, og LCR ved utgangen av juni er på 142%. Banken har følgjande forfallsstruktur på obligasjonsgjelda:



Tal i mill. kroner

■ = Ansvareleg lån

Forsikringsfusjon

Fremtind Forsikring AS vart 1. januar 2019 eit resultat av fusjonen mellom SpareBank 1 Skadeforsikring AS og DNB Skadeforsikring AS. I transaksjonsavtalen vart det lagt til grunn eit bytteforhold på 80 prosent for SpareBank 1 Skadeforsikring AS og 20 prosent for DNB Skadeforsikring AS. DNB ASA kjøpte seg opp i januar 2019 til ein eigardel på 35 prosent i selskapet. DNB ASA har vidare ein opsjon på å kjøpe seg opp til 40 prosent eigardel. Opsjonen går ut 31. mars 2020.

DNB ASA sitt oppkjøp frå 20 prosent til 35 prosent eigardel i Fremtind Forsikring AS medførte at SpareBank 1 Gruppen AS (morselskapet) har fått ein skattefri gevinst på ca. 1,7 milliardar kroner.

Denne gevinsten vart utdelt som ekstraordinært utbytte til eigarane 29 mars 2019. Utbytte er utbetalt til Samarbeidende Sparebanker AS og er utbetalt til eigarbankane i Samarbeidende Sparebanker AS i andre kvartal 2019. SpareBank 1 Lom og Skjåk sin del av dette utbyttet utgjorde omlag 25 millionar kroner.

Fremtind Forsikring AS har per dags dato ikkje fått konsesjon til å overføre personforsikringsprodukta frå SpareBank 1 Forsikring AS og DNB Livsforsikring AS. Det er venta at desse produkta blir overført til det nye dotterselskapet Fremtind Livsforsikring AS i løpet av 2019, etter endeleg godkjenning frå Finanstilsynet

Endra eigarskap i BN Bank ASA og SpareBank 1 Næringskreditt AS

Som varsla i børsmelding den 28. februar 2019, har SpareBank 1-bankane inngått ein avtale om endra eigarmodell i BN Bank ASA medrekna fordeling av B-aksjane i SpareBank 1 Næringskreditt AS, ved at enkelte av eigarane i dag fekk endra eigarskap på same tid som SpareBank 1 Østlandet kom inn som ny eigar.

I samband med transaksjonane, selde SpareBank 1 Lom og Skjåk 105.589 aksjar i BN Bank ASA og 52.077 B-aksjar i SpareBank 1 Næringskreditt AS. I sum medførte dette at SpareBank 1 Lom og Skjåk selde aksjar for totalt 37,6 MNOK. SpareBank 1 Lom og Skjåk har no ikkje eigarinteresser i BN Bank ASA og SpareBank 1 Næringskreditt. SpareBank 1 Lom og Skjåk bokførte ein gevinst på om lag 25 millionar kroner i 2. kvartal 2019.

Utsiktene framover

I mars sette Norges Bank opp renta for andre gong sidan i fjor sommar, og dei kom med ei ny renteauke i juni. Dei fleste bankane har fylgt opp dette med å setje opp rentene på innskot og utlån. Det har også SpareBank 1 Lom og Skjåk gjort. Vi reknar med at desse renteendringane skal kunne bidra til ein styrka rentenetto i tida som kjem, etter at den i ein lang periode har gått nedover.

Folketalsnedgangen og den demografiske utviklinga i Nord-Gudbrandsdalen, auka konkurranse både frå eksisterande og nye aktørar, endring i kundeåtfærd og teknologisk utvikling kan gje banken utfordringar i tida framover. Som ein bank som arbeider aktivt med å vere framtidsretta og som ynskjer å gjere oss attraktive for nye kundar, både i og utanfor primærmarknadsområdet, kan dette også gje oss moglegheiter. Med stort fokus på utvikling av gode tekniske løysingar, relevante initiativ og god service, tek vi sikte på å vere ein attraktiv bank også for kundar utanfor primærmarknadsområdet i lang tid framover.

Rekneskapen er revidert pr. 30.6.2019, men ikkje revidert pr. 30.9.2019

Resultat og balanse

RESULTATREKNESKAP	Tal i heile tusen					Av gj.snitt forvaltningskapital		
	30.09.19	30.09.18	3. kvart 19	3. kvart 18	2018	30.09.19	30.09.18	2018
Renteinntekter og liknande inntekter	141.044	121.080	50.524	42.114	164.817	3,10 %	2,81 %	2,84 %
Rentekostnader og liknande kostnader	49.015	43.614	17.016	14.721	58.258	1,08 %	1,01 %	1,00 %
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	92.029	77.466	33.508	27.394	106.559	2,02 %	1,80 %	1,84 %
Utbytte og andre inntekter av verdipapirer med variabel avkastning	53.847	26.511	4	958	26.511	1,18 %	0,61 %	0,46 %
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	29.201	28.304	10.613	9.769	37.703	0,64 %	0,66 %	0,65 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	2.355	1.920	815	729	2.624	0,05 %	0,04 %	0,05 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir	28.671	4.249	1.159	1.891	4.331	0,63 %	0,10 %	0,07 %
Andre driftsinntekter	236	286	114	115	404	0,01 %	0,01 %	0,01 %
Sum andre inntekter	109.599	57.430	11.075	12.002	66.325	2,41 %	1,33 %	1,14 %
Personalkostnader	32.915	27.602	12.559	9.824	41.470	0,72 %	0,64 %	0,71 %
Administrasjonskostnader	20.651	19.779	7.279	6.643	27.446	0,45 %	0,46 %	0,47 %
Avskrivning mv. av varige driftsmidler og immatrielle	2.323	2.420	766	812	3.218	0,05 %	0,06 %	0,06 %
Andre driftskostnader	10.883	9.961	3.124	2.605	13.153	0,24 %	0,23 %	0,23 %
Sum driftskostnader	66.773	59.761	23.728	19.885	85.287	1,47 %	1,39 %	1,47 %
Resultat før tap	134.855	75.135	20.855	19.511	87.598	2,97 %	1,74 %	1,51 %
Tap på utlån, garantiar m.v.	1.360	-3.448	-4.336	-1.939	-4.570	0,03 %	-0,08 %	-0,08 %
Skatt på ordinært resultat	14.413	13.081	7.317	4.979	17.338	0,32 %	0,30 %	0,30 %
Resultat av ordinær drift etter skatt	119.082	65.501	17.873	16.471	74.830	2,62 %	1,52 %	1,29 %

BALANSE	30.09.19	30.09.18	2018	Endring	
EIGEDELAR					
Kontantar og fordringar på sentralbankar	42.019	42.849	42.963	-830	-1,94 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	292.651	322.875	332.358	-30.224	-9,36 %
Brutto utlån til og fordringar på kundar	5.344.950	5.017.661	5.119.952	327.289	6,52 %
Nedskrivningar på individuelle utlån	13.057	10.919	9.195	2.138	19,58 %
Nedskrivningar på grupper av utlån	16.573	18.635	18.282	-2.062	-11,07 %
Sum netto utlån til og fordringar på kundar	5.315.320	4.988.107	5.092.475	327.213	6,56 %
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	136.109	135.971	136.000	139	0,10 %
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	321.209	294.843	194.621	26.367	8,94 %
Eigarinteresser i tilknytt selskap	72.485	75.159	75.159	-2.673	-3,56 %
Immatrielle eigedelar	955	891	955	64	7,15 %
Varige driftsmidler	26.902	29.018	28.271	-2.116	-7,29 %
Andre eigedelar	10.061	1.898	3.943	8.163	430,17 %
Forskottsbetaalte ikkje påløpte kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	1.504	1.733	1.858	-228	-13,18 %
SUM EIGEDELAR	6.219.216	5.893.343	5.908.603	325.873	5,53 %
GJELD OG EIGENKAPITAL					
Innskot frå og gjeld til kundar	4.519.053	4.342.351	4.356.245	176.702	4,07 %
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	663.329	645.232	631.152	18.097	2,80 %
Anna gjeld	29.031	24.790	28.624	4.241	17,11 %
Påløpte kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	4.756	4.084	8.415	671	16,44 %
Avsetjing for påløpte kostnader og forpliktingar	2.219	3.228	2.430	-1.008	-31,24 %
Ansvarleg lånekapital	50.078	50.061	50.070	17	0,03 %
Sum gjeld	5.268.465	5.069.746	5.076.935	198.720	3,92 %
Eigenkapital	831.668	758.096	831.668	73.572	9,70 %
Resultat av ordinær drift etter skatt	119.082	65.501	0	53.581	81,80 %
Sum eigenkapital	950.751	823.597	831.668	127.153	15,44 %
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	6.219.216	5.893.343	5.908.603	325.873	5,53 %

Postar utanom balansen

Garantiar	179.155	181.319	185.966	-2.164	-1,19 %
Ikkje nytta kredittar	308.442	276.491	279.799	31.951	11,56 %

Rekneskopen er revidert pr 30.6.19, ikkje revidert pr 30.9.19

Lom den 30. september 2019/31. oktober 2019

I styret for SpareBank 1 Lom og Skjåk

Hans Ivar Kolden
Styreleiar

Anne-Lise Marstein

Jo Trygve Lyngved

Sigbjørn Oppheim

Inga Gudrun Hyrve

Hjørdis Sletten

Unni Strand
Adm. Banksjef

Kvartalsoversikt

tal i 1000 kr	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018
RESULTATREKNESKAP					
Renteinntekter og liknande inntekter	50.524	46.094	44.426	43.738	42.114
Rentekostnader og liknande kostnader	17.016	16.069	15.930	14.644	14.721
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	33.508	30.025	28.496	29.094	27.394
Utbytte	4	52.975	868	0	958
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	10.613	9.644	8.944	9.398	9.769
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	815	661	879	704	729
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir	1.159	25.313	2.200	83	1.891
Andre driftsinntekter	114	60	62	118	115
Sum andre inntekter	11.075	87.330	11.195	8.895	12.002
Personalkostnader	12.559	8.729	11.627	13.869	9.824
Administrasjonskostnader	7.279	7.025	6.347	7.667	6.643
Avskrivning mv. av varige driftsmidler	766	769	789	798	812
Andre driftskostnader	3.124	4.135	3.624	3.192	2.605
Sum driftskostnader	23.728	20.658	22.387	25.525	19.885
Resultat før tap	20.855	96.697	17.304	12.464	19.511
Tap på utlån, garantier m.v.	-4.336	1.200	4.495	-1.122	-1.939
Skatt på ordinært resultat	7.317	4.119	2.977	4.257	4.979
Resultat av ordinær drift etter skatt	17.873	91.377	9.832	9.329	16.471

Nøkkeltal

(tal i 1000)	30.09.2019	30.09.2018
Lønsemd		
Eigenkapitalavkastning før skatt	20,07 %	13,30 %
Driftskostnader i prosent av gj.snitt forv.	1,47 %	1,39 %
Driftskostnader i prosent av driftsinntekter	38,61 %	45,74 %
Balansetal		
Brutto utlån til kunder	5.344.950	5.017.661
Brutto utlån inkl. overført til SB1 Boligkreditt	6.897.778	6.459.172
Innskot frå kunder	4.519.053	4.342.351
Innskotsdekning	84,55 %	86,54 %
Utlånsvekst siste 12 mnd	6,5 %	8,4 %
Utlånsvekst siste 12 mnd inkl. SB1 Boligkreditt	6,8 %	8,1 %
Innskotsvekst siste 12 mnd	4,1 %	7,4 %
Utlån til næring inkl. SB1 Boligkreditt	2.384.073	2.114.233
Utlån til privat inkl. SB1 Boligkreditt	4.513.704	4.344.939
Forvaltningskapital	6.219.216	5.893.343
Forvaltningskapital inkl. SB1 Boligkreditt	7.772.044	7.334.855
Tap og misleghald		
Tap i prosent av brutto utlån	0,03 %	-0,07 %
Misleghaldne engasjement av brutto utlån	0,35 %	0,32 %
Likviditet		
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	142 %	157 %
Soliditet (etter høvesvis konsolidering)		
Kapitaldekning	21,30 %	19,43 %
Kjernekapitaldekning	19,94 %	17,90 %
Rein kjernekapitaldekning	19,70 %	17,58 %
Uvekta kjernekapitaldekning	10,96 %	
Tilsette		
Antall tilsette	55	54
Årsverk	54	53

Kapitaldekning

Grunnlag kapitaldekning	30.09.2019	30.09.2018
Sparebankens fond	831.668	758.096
Revidert resultat q2-2019	101.209	
Sum egenkapital	932.877	758.096
Fradrag for direkte og indirekte investeringer i selskap i finansiell sektor	-118.302	-133.774
Sum ren kjernekapital	814.576	624.322
Sum kjernekapital	814.576	624.322
Ansvarlig lån	50.077	50.061
Fradrag for direkte og indirekte investeringer i selskap i finansiell sektor	-991	-1.142
Netto ansvarlig kapital	863.662	673.241
Risikovekta beregningsgrunnlag		
Kreditt-, motparts- og forringelserisiko	3.548.905	3.235.347
Posisjons-, valuta-, og varerisiko	-	-
Operasjonell risiko	289.714	279.494
Svekket kredittverdighet hos motpart (CVA-risiko)	641	204
Sum beregningsgrunnlag	3.839.260	3.515.045
Ren kjernekapitaldekning	21,22 %	17,76 %
Kjernekapitaldekning	21,22 %	17,76 %
Kapitaldekning	22,50 %	19,15 %
Forholdsmessig konsolidering	30.09.2019	30.09.2018
Ren kjernekapital	907.245	756.041
Kjernekapital	918.318	769.780
Ansvarlig kapital	980.867	835.647
Netto Beregningsgrunnlag	4.604.927	4.300.848
Ren kjernekapitaldekning med forholdsmessig konsolidering	19,70 %	17,58 %
Kjernekapitaldekning med forholdsmessig konsolidering	19,94 %	17,90 %
Kapitaldekning med forholdsmessig konsolidering	21,30 %	19,43 %
Kapitalkrav	30.09.2019	
Minstekrav	4,50 %	
Bevaringsbuffer	2,50 %	
Systemrisikobuffer	3,00 %	
Motsyklisk buffer	2,00 %	
<hr/>		
Ren kjernekapitalkrav	12,00 %	
Kjernekapitalkrav	13,50 %	
Kapitaldekningskrav	15,50 %	
Pilar 2 kapitalkrav	2,50 %	
<hr/>		
Ren kjernekapitalkrav	14,50 %	
Kjernekapitalkrav	16,00 %	
Kapitaldekningskrav	18,00 %	
<hr/>		

SpareBank1 Lom og Skjåk benytter standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.
SpareBank1 Lom og Skjåk foretar forholdsmessig konsolidering for eierandeler i SB1 Boligkreditt AS, SB1, SB1
Kredittkort AS og SB1 Finans Midt Norge AS. Pilar 2-kravet gjelder kun på foretaksnivå.

Rekneskapen er revidert pr. 30.6.2019, og delårsresultatet pr. 30.6.19 er medrekna i kapitaldekninga.

Tap og misleghald

TAP OG TAPSAVSETNINGAR

Tusen kroner	30.09.2019	30.09.2018	31.12.2018
Nedskrivningar på individuelle utlån	13.057	10.919	9.195
Nedskrivningar på grupper av utlån	16.573	18.635	18.282
Nedskrivning på garantiar	400	2.893	200
Sum nedskrivninger	30.030	32.447	27.677
Endring i nedskrivningar på individuelle utlån og garantier i perioden	4.087	-4.389	-6.332
+Endring i nedskrivningar på grupper av utlån i perioden	-1.709	505	152
+Amortisert tap	83	217	212
+Konst.tap som det tidligare år er avsett nedskrivning på individuelle utlån for	0	20	2.646
+Konst.tap som det tidligare år ikkje er avsett nedskrivning på individuelle utlån for	378	1.221	1.009
Inngang på tidlegare konstaterte tap i perioden	-1.478	-1.022	-2.257
Tapskostnader i perioden	1.360	-3.448	-4.570

MISLEGHALDNE LÅN OG GARANTJAR

Tusen kroner	30.09.2019	30.09.2018	31.12.2018
Sum misleghaldne engasjement	18.561	16.201	4.135
Individuelle nedskrivningar	185	3.893	350
Netto misleghaldne engasjement	18.376	12.307	3.785
Øvrige tapsutsette engasjement	31.202	19.820	26.992
Individuelle nedskrivningar	13.430	7.394	8.993
Netto tapsutsette engasjement	17.772	12.426	17.999





SpareBank 1

LOM OG SKJÅK

2686 LOM
Telefon: 61 21 90 00
Telefaks: 61 21 90 01

2690 SKJÅK
Telefon: 61 21 90 00
Telefaks: 61 21 35 01

2680 VÅGÅ
Telefon: 61 21 90 00
Telefaks: 61 23 94 51

2660 DOMBÅS
Telefon: 61 21 90 00
Telefaks: 61 21 90 05

www.sb11s.no
bankpost@sb11s.no